

Klovningen hamn detaljregulering - merknadar etter 2. gongs offentleg ettersyn

Det har kome inn 11 merknadar etter offentleg ettersyn.

Offentlege instansar:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen
NVE
Kystverket
Mattilsynet

Private:

Klovningsneset småbåtlag og Klovningsvika småbåtlag
Haugsholmen AS og Bjørn Magne Myskja
Bjørn Hunvik, Sigbjørn Emblem og Jens Birger Lervåg
Vidar Kløvning og Jan Ronny Sandvik
Grete Steen, Ida Birgitte Marholm og Inge Kløvning



MERKNADAR FRÅ OFFENTLEGE INSTANSAR


Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 05.06.2023</i>	Det er gjort vesentlege endringar i planen sidan første gong offentleg ettersyn, men Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen merknadar.	Tatt til orientering.	
<i>Møre og Romsdal fylkeskommune, 27.06.2023</i>	Areal for renovasjonsanlegg er teke ut av planen, og motsegn reist ut frå omsynet til drift og vedlikehald, og arealbehov til dette langs fylkesvegen kan trekkast. Køyretilkomst frå kommunal veg Klovningen til fv. 5852 er no regulert som kryss etter N100, motsegn knytt til manglar i reguleringa av køyretilkomst kan trekkast. Plankartet viser no frisktsoner/liner i si heilheit og motsegn knytt til manglande regulering av frisktsoner kan trekkast. Vi føreset at frisktsonene for kryss og avkøyrsløse til fv. 5852 er i tråd med krav i N100.	Tatt til orientering.	

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Møre og Romsdal fylkeskommune, 27.06.2023</i>	Det er teke inn føresegn om rekkefølge som sikrar at avkøyrslar blir utbetra i samsvar med planen. Vi rår her til at formuleringa i § 5.2 b) blir endra til: "køyretilkomst skal vere utbetra i tråd med vegnormalane".	Vi rår til å behalde formuleringa om at utbetringa skal vere i tråd med regulert løysing.	
<i>Statens vegvesen, 13.06.2023</i>	Våre innspel til offentleg ettersyn er komme i møte. Vi har ikkje ytterlegare merknader til planforslaget.	Tatt til orientering.	
<i>NVE, 07.06.2023</i>	NVE føreset at dei gjennomførte undersøkingane og utgreiingane av skred i bratt terreng og av geotekniske forhold er tilfredsstillande, også etter endring av planforslaget. Viser til at det er kommunen som er ansvarleg for ivaretaking av tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare —jf. plan- og bygningslova § 28-1. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt uttale til saka eller ikkje.	Dei gjennomførte undersøkingane og utgreiingane av skred i bratt terreng og av geotekniske forhold er tilfredsstillande, også etter endring av planforslaget. Det er ein føresetnad for tryggleiken at sikringstiltak omtalt i planen blir etablert.	
<i>Kystverket, 06.07.2023</i>	Ingen vesentlege merknadar til planforslaget.	Tatt til orientering.	
<i>Mattilsynet, 01.06.2023</i>	Mattilsynet har ingen nye kommentarar, ut over dei som blei gitt ved 1. gongs offentleg ettersyn. Der blei det lagt til grunn at relevante rekkefølgeføresegner for drikkevatn/ VA blir følgt, og at ein i dialog med vassverkseigar (Sande kommune) vurderer nødvendige tiltak som skal sikre stabil produksjon av drikkevatn. Tiltakshavar må ved behov gjennomføre ei kartlegging og iverksette eventuelle tiltak, for å hindre at lokale vasskjelder blir forringa som følgje av utbygginga.	Tatt til orientering.	

MERKNADAR FRÅ PRIVATE

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Grete Steen, Ida Birgitte Marholm og Inge Kløvning, 02.06.2023</i></p>	<p>Roser politikanane for endra planutkast, og vilje til å legge til rette for næringsutvikling og verdiskaping sør i den skjerna delen av hamna. Utgangspunktet for utvikling av hamna var sterk argumentasjon frå kommunen om tilgang på gratis stein frå Stadt Skipstunnel, og oppmoding om å kome med idear til tiltak. For hamna på Klovningen var dette av stor verdi. Det einaste som kan trygge hamna mot uvér frå den aller verste retninga, er å bygge ein molo frå nord (molo 3). Slik saka har utvikla seg, føler vi oss litt usikre på kva som kan bli realisert.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	
	<p>Som eigarar av strandlinje nord i den uskjerma del av hamna, ber vi om at det vert lagt inn i planen bygging av ein pir mot sør frå enden av voren på bnr/gnr 141/1. Dette vil sikre verdiane av den utbygging som vert planlagt på dei private eigedomane sør om voren. Det vil også gi skjerming sørover i hamna.</p>	<p>Vi rår til å behalde planen slik den er. I planen er eigedomane sikra med nye moloar Molo 2-4. Det er eventuelt mogleg å søke dispensasjon frå planen, og dokumentere at tryggleikskrava kan ivaretakast gjennom andre tiltak.</p>	
	<p>Vi ber om at naust på gnr/bnr 15 i utkast til plan vert endra til rorbuer. Det same gjeld for tre rorbuer på gbnr 141/1 nord for voren, i samsvar med høyringsinnspel datert 6.5.23. Dette vil ikkje vere til hinder for tenkte utbyggingsplanar elles i hamna, og vil vere heilt i samsvar med utvikling som Vanylven kommune har gitt løyve til og oppmoda til elles i nærområdet.</p> <p>Endringa vil medverke til verdiskaping i hamna, bruksauke og verdiauke av eigedomane. Det ligg også eit visst håp om tilflytting i det som vert planlagt.</p>	<p>Innspelet er i tråd med etablert praksis i kommunen, og vi rår til å opne for rorbuer her. Rorbuer låg inne ved 1. gongs offentleg ettersyn, og krev dermed ikkje ny høyring. Det må stillast same rekkefølgekrev til rorbuer som til andre nyetableringar innanfor planen.</p>	

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Grete Steen, Ida Birgitte Marholm og Inge Kløvning, 02.06.2023</i></p>	 <p>Fotoet viser at det einaste som kan skjerme hamna er ein molo (molo3) frå nord. Uansett vil ein pir sørover frå voren vere viktig, og ikkje til hinder for noko anna.</p>	<p>Tatt til orientering</p>	
<p><i>Jens Birger Lervåg (141/39), Bjørg Hunvik (141/40) og Sigbjørn Emblem (141/41), 03.07.2023</i></p>	 <p>Mener området har stor betydning for fritid og rekreasjon. Indre havn og området innafor rød sirkel på bildet er i all hovudsak relatert til fritid og rekreasjon, både som næring og privat. Dette vil sannsynligvis øke pga fritidsboliger og trapp til Kragsethornet. Hensynet til rekreasjon og fritidsinteresser kan ikke unnlates og utformingen av reguleringsplanen må ivareta dette.</p>	<p>Planen si vektlegging av sjøbasert næring og flest mogleg småbåtplassar, er ei politisk prioritering, og er ikkje i konflikt med overordna plan (kommuneplanens arealdel). Sjølv om omsynet til rekreasjon og fritidsinteresser er gitt mindre vekt no enn i første planforslag, er det vurdert at området også etter ei utbygging i tråd med planen vil ha kvalitetar knytt til fritid og rekreasjon.</p>	
	<p>Er uenig i at næringsarealet i indre havn merket BAA er et etablert tiltak. Mener arealet er en tomt med utrangert materiell, og det kan ikke vektlegges spesielle hensyn for å ivareta pågående næringsaktivitet og sysselsetting.</p>	<p>Tatt til orientering. Vektlegging av ulike omsyn og politisk prioritering i ein reguleringsplan har eit relativt stort handlingsrom, så lenge det ikkje går på tvers av overordna krav og føringar.</p>	

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p>Jens Birger Lervåg (141/39), Bjørge Hunvik (141/40) og Sigbjørn Emblem (141/41), 03.07.2023</p>	<p>Reagerer på forslaget om gesimshøgde på 6 m og mønehøgde på 9 m for område BAA. Mønehøyde 9 m vil være til stor sjenanse og i stor grad hindre hav- og fjordutsikt for omkringliggende fritids-eiendommer. Næringsbygget blir dominerende, og vil forringe hensynet til rekreasjon og fritidsinteresser. Siden flytting av BAA til nordre havn ikke er mulig, må hensyn til fritidsinteresser ivaretas.</p> <p>(Illustrasjonen viser dei næraste fritidsbustadane)</p> <p>Ved 1. gangs høring bad eier av BAA om 4,5 m gesims og 6,5 m mønehøgde. Vi mener at dette er maks høyder for å ivareta hensynet til fritidsboliger, og rekreasjon/fritidsinteresser. For næringsaktivitet med nødvendig mønehøyde på over 6,5 m må andre lokaliteter enn indre havn benyttes.</p> <p>Hakallevær har maks tillatt gesimshøgde 6 m og mønehøgde 9 m, dog er godkjent rammeløyve på bebyggelse i strandlinja på om lag 7,65 m mønehøgde. Eksisterende bygg i strandlinja har om lag 7,6 m mønehøgde. Viser også til sak høsten 2019, hvor gesims og mønehøyder for Hakallevær ble pålagt av flere naboer i området med ønske om redusert mønehøgde til 6,2 m.</p>	<p>Nærmaste fritidsbustadar ligg på kote 10, orientert mot nordvest. BAA ligg på kote 2,7, og i retning nord-nordøst i forhold til fritidsbustadane. Eit bygg på BAA vil dermed bli godt synleg frå fritidsbustadane, men er ikkje vurdert å hindre hav- og fjordutsikt i stor grad. Samtidig meiner Norconsult at eit bygg på BAA ikkje bør bli høgare enn bygga på andre sida av Molo1 (Hakallevær). Vi foreslår å justere maksimale byggehøgder i samsvar med eksisterande bygg på Hakallevær, dvs maks mønehøgde 9 m og maks gesimshøgde 6 m.</p>	 <p>Fotoet viser tomt BAA i venstre bildekant, bygg på Hakallevær til høgre og dei to næraste fritidsbustadane øvst til venstre.</p>

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Haugsholmen AS og Bjørn Magne Myskja, 07.07.2023</i></p>	<p>Vi er grunneiere i havna. Bjørn Magne Myskja eier gbnr. 141/17, og Haugsholmen as eier gbnr. 141/18. I siste utkast har man greid å balansere grunneieres behov og offentlige behov, samt gitt rom for fleksibilitet.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	
	<p>Det virker lite gjennomtenkt å åpne for opplag for båter på parkeringsplassen store deler av året, sett i sammenheng med tidligere innspill om å begrense utelagring. Båtene i havna ligger i dag ute hele året, og blir bare tatt opp til båtpuss. Dersom det skulle bli et behov for opplagsplass, burde det legges til industriområdet slik at det kan skape inntekter der.</p>	<p>Vi er samd i denne vurderinga, og rår til å ta ut av føresegnene moglegheita til vinteropplag av båtar på parkeringsplass o_PP.</p>	
	<p>Det er veldig bra at trekaia o_KAI 1 nå blir satt i stand. Det er viktig at minst ei kai er tilgjengelig for anløp. Betongkaia o_KAI2 har vært brukt til opplagskai i mange år.</p> <p>Område o_SH4 er trafikkområdet til o_KAI1 og SH1. Der kan det selvsagt ikke bygge bryggeanlegg ut i trafikkområdet. Når trekaia nå blir satt i stand, så har sjarker etc mulighet til å løfte utstyr ombord/på land, men vi bør også planlegge inn liggeplass til noen større båter i det nye bryggeanlegget.</p>	<p>Føresegnene opnar for at trekaia o_KAI1 enten kan bevarast eller fjernast, for å sikre fleksibilitet i planen.</p> <p>Dersom trekaia skal bevarast, må utnyttinga av o_SH4 tilpassast til dette. Tilkomst eksisterande småbåthamn SH1, og o_KAI1 – dersom den skal oppretthaldast - må sjølvstakt ivaretaast. Vi foreslår å presisere dette i føresegnene til o_SH4.</p>	
	<p>På lik linje med resten av havna bør grunneierne av private nausttomter få mest mulig fleksibilitet vedrørende bruk/bygging.</p>	<p>Tatt til orientering. Det er opna for rorbuer for dei private nausttomtene.</p>	

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Klovningneset småbåtlag og Klovningsvika småbåtlag, 07.07.2023</i></p>	<p>Planen har blitt mykje betre enn forrige forslag, og dekker langt på veg småbåtlaga sine behov. Vi håper at eigarar og brukarar av hamna i felleskap og/eller enkeltvis vil utvikle hamna og eigedommane, slik at hamna kan brukast både av dei som har fritidsbåtar, og dei som driv meir yrkesrelatert verksemd som eksempel sjarkfiske. Det er likevel nokre punkt som MÅ endrast.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	
	<p>Ein kan ikkje vente med bygging av nye båtplassar i o_SH2 og SH3 og mudring og etablering av kaikant i o_SMS2, til etter at Molo 2 og 4 er bygd.</p> <p>Nytt punkt bør være: Nye båtplassar i o_SH2, SH3 og bygging og mudring i o_SMS2 kan ikkje takast i bruk før det er etablert sikker skjerming mot bølger og vind, med flytande betongelement eller anna godkjent skjerming.</p>	<p>Vi rår til å behalde planen slik den er. I planen er eigedomane sikra med nye moloar Molo 2-4. Det er eventuelt mogleg å søke dispensasjon frå planen, og dokumentere at tryggleikskrava kan ivaretakast gjennom andre tiltak. Muring kan utførast utan at sikringstiltak i form av moloar er på plass.</p>	
	<p>Trekaia o_KA11 må behaldast som allmenningskai for større båtar. Her er det mudra til 5-6 meter. Småbåtlaga meiner og at det er viktig at o_KA11 fortsatt blir tilgjengeleg og etter kvart oppgradert/halden ved like.</p> <p>Dei siste 5-6 åra har betongkaia o_KA12 stort sett blitt brukt til opplag for diverse båtar, og dermed har det kun vore o_KA11 som har vore tilgjengeleg for små fiskefartøy, losbåt, ambulansbåt og arbeidsbåtar til fiskeoppdrett.</p>	<p>Føresegnene opnar for at trekaia o_KA11 enten kan bevarast eller fjernast. Spørsmålet om framtida til trekaia treng dermed ikkje avklarast før godkjenning av reguleringsplanen. Tilkomst til trekaia over o_SH4 er foreslått presisert i føresegnene.</p>	

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Klovningsneset småbåtlag og Klovningsvika småbåtlag, 07.07.2023</i></p>	<p>Ny småbåthamn o_SH4 bør takast bort, då ei småbåthamn her vil skape utfordringar for bruk av o_KAI1, og for at det skal være seglingslei inn til område SH1. Det må ikkje leggest pirar ut frå molo 1 i dette området.</p>	<p>Spørsmålet om framtida til trekaia kan avklarast på eit seinare tidspunkt. Men planen legg til grunn at ei eventuell småbåthamn på o_SH4 må ta omsyn til trekaia, dersom den skal bevarast, og at tilkomst til SH1 skal sikrast.</p>	
	<p>Det er etter småbåtlaga si mening ein altfor stor heftelse at avkøyrse frå fylkesvegen til veg o_V1 skal vere ferdig utbetra i samsvar med planen før bruksløyve til nye båtplassar kan bli gitt.</p> <p>Kravet synes også unødig, då dagens avkjøring er etter båtlaga si mening er fullt ut tilfredstillande, med god friskt til alle sider. Vi kan ikkje sjå at det skal være naudsynt å gå ut over dyrka mark for å få dette til. Rekkefølgekravet må strykast.</p>	<p>Planen legg til rette for mykje ny aktivitet, og må ta høgde for det. Dimensjoneringskrav i handbok N100 er innarbeidd i planen, og vi rår til å behalde denne løysinga.</p> <p>Fylkeskommunen varsla motsegn til planen dersom ikkje utbetring av avkøyrsla blei lagt inn som rekkefølgekrav. Som vegeigar av fylkesveg 5852 kan dei også nekte å gi avkøyringsløyve til småbåthamna til nye båtplassar, dersom dei meiner at nødvendige tryggingsskrav ikkje er oppfylt.</p>	
	<p>Småbåtlaga støttar grunneigarane i område UNB i at dei kan få bygge valfritt mellom naust, rorbuer eller fritidshus, med høgde på møne og gesims etter Vanylven kommunes standard. Dette vil skape liv og tryggleik i hamna.</p>	<p>Tatt til orientering. Det er opna for rorbuer for dei private nausttomtene.</p>	

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Vidar Kløvning og Jan Ronny Sandvik, 06.07.2023</i></p>	<p>Vil rose kommunen og Norconsult med ein godt utført jobb. Vi som har interesse i industriområdet i nordre del av hamneområdet seier oss godt fornøgd slik planen framstår no.</p> <p>Positive sider vi vil trekke fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Form på molo er veldig fin. - Moloar(molo 2 og molo 3) møtast fint i hop ende mot ende. - Form på molo 2 er bra i samband med molo 3. - Industriområdet er godt utforma. - Eksisterande kaier på eksisterande molo vert opprettheldt. <p>Vi har eit par ting å påpeike under.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	
	<p>Hamneområdet innafor molo 3 må bli merka som privat, og ikkje offentleg.</p>	<p>Merknaden er tatt til følge.</p>	
	<p>Det må opnast for at Molo 4 kan (ikkje skal) fjernast når molo3 er ferdigstilt, og hamna har full skjerming. Eller kanskje enno betre; formulere at det må vere tilstrekkelig skjerming. Det gir moglegheit for flytande bølgedempar eller liknande, noko som er ei enklare og rimeligare løysning.</p>	<p>Det er opna for at Molo 4 kan fjernast når Molo2 og 3 er ferdigstilt.</p>	
	<p>Vinteropplag av båtar på kommunal parkeringsplass synest vi verkar urimelig. Dei som har båtar for langtidsopplag bør finne andre måtar å oppbevare båtane på. Andre plassar rundt om i landet har ein hallar på industriområde for slike formål.</p>	<p>Vi er samd i denne vurderinga, og rår til å ta ut av føresegnene moglegheita til vinteropplag av båtar på parkeringsplass o_PP.</p>	